


GODHET

STORD 2017



29.mai til 2. juni.

«Små gjerningar gjort i kjærleik forandrar verda!»

Bli med du også og opplev den store velsigninga du får ved å velsigna andre!

Det er tid for Godhet igjen. Dette er tredje året på Stord. Det er fantastisk å kunna vigsla ei heil veke til å hjelpa folk, heilt gratis. Ingen veker i året vil du hugsa nyttårsafta så godt som denne.

Godhet er kjærleik i praktisk handling. Me er overtydde om at ingenting gjev folk eit så klårt bilete av kven og korleis Gud er enn ei velgjerding gjort i rette tid. Det er DET dette handlar om.

Dei to siste åra me har gjennomført Godhetsveke, har me rydda hagar, mekka blomebed, vaska hus utvendig og innvendig, malt hus, snikra terrasse og meir til.



Her eit glimt frå fjorårets store malararbeid på Haga.

Horneland indremisjon, Stord Bibelsenter og Kristkyrkja på Stord



Og her er Otto Benjaminson og Knut Vikestrand i full gong med å laga blomsterbed i Dåfjorden. Det var i 2015. Kjekt arbeid.

Me startar kvar ettermiddag kl 17 og jobbar til kl 21. Hovudkvarteret i år blir Horneland bedehus. Der møtest me måndag kl 16. Då skal me eta middag saman før me går ut. Dei andre dagane møtest me kl. 17.

Me går ut frå at det kan bli vanskeleg for folk å stilla opp kvar dag. Fint om du fyller ut skjema under. Då kan me laga ein god plan for denne fantastiske aksjonen.



Marit i full gong med å vaska eit verandagjerde på Hystad. Ho ser ut til å ha det triveleg.

Idèen til Godhet kjem frå IMI-kirken i Stavanger. Dei har halde på med dette sidan 2005, og rørsle har spreidd seg til kyrkjelydar over heile landet. Vårt motto er: «LAT OSS SJOKKERA STORDABUEN MED GUDS GODHET!»

Fint om du også går inn på www.godhet.no og registrer deg der.

JA, eg vil gjerne vera med på GODHET STORD 2017

Kryss av i rutene for tider som er aktuelle for deg.

Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Kl
					17-18
					18-19
					19-20
					20-21

Namn

Telefon

e-post

Kyrkjelyd